



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
09.03.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/1547 733.1  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Oversending av program - tilsyn med Meland kommune april 2016 - tenester til personar med utviklingshemming

Fylkesmannen viser til melding om tilsyn med Meland kommune i brev av 3. februar 2016.  
Takk for tilsendte opplysningar.

For gjennomføring av opnings- og sluttmøtet treng vi eit rom med plass til 15 – 20 personar personar. Intervjua kan gjennomførast i det same rommet eller eit mindre rom med plass til 6-7 personar. Vi ber om at det er ein projektor tilgjengeleg i møterommet for opnings- og sluttmøtet.

Vi ber også om at alle som er sette opp til intervju får informasjon om program og møtestad. Det er frå vår side ønskjeleg at dei er til stades under opnings- og sluttmøtet. Andre tilsette som på ein eller annan måte er involverte i tilsynet, eller har oppgåver knytt til tema for tilsynet, kan også delta på desse møta. I opningsmøtet gir vi ei kort orientering om tilsynet og den praktiske gjennomføringa. I sluttmøtet gir vi tilbakemelding om funn og konklusjonar, og om rapporten som blir utarbeidd etter tilsynet.

Dersom nokon av dei personane som er valde ut til intervju ikkje kan møte på dei oppsette tidspunkta, ber vi om å bli orienterte slik at vi kan justere programmet eller velje andre. Ver venleg å gje beskjed dersom titlar er feil og eller om namn er skrivne feil. Vi ber om slik tilbakemelding så snart som mogleg og før 18. mars 2016 om tilsynet kan gjennomførast i samsvar med det oppsette programmet

Som del av tilsynet vil vi gjere stikkprøver i eit utval pasientjournalar, individuelle planar m.v. Vår heimel for å få innsyn går fram av helse- og omsorgstenestelova § 5-9 og pasientjournallova § 26. Vi ber om tilgang til journalsystem med eige brukarnamn og passord for to personar. Aktuelle fødselsnummer blir oppgitt til kommunens kontaktperson for tilsynet.

Vi ber om å få tilgang til følgjande:

- journalsystem og journalane, samt individuelle planar og referat frå ansvarsgruppemøte, til tenestemottakarane som vi har fått tilsendt vedtaka til. Dersom ikkje alle dokument er skanna inn, til dømes epikrisar frå spesialisthelsetenesta, så treng vi også tilgang til papirjournal
- miljøpermar og eller dag- og vekeplanar til tenestemottakarane

- påsketurnus og om denne ikkje vart følgd, også liste/informasjon om kva personell som faktisk var på vakt

Vi ber om at ein person med god kjennskap til journalsystem kan vere tilgjengeleg og vise oss korleis og kvar vi kan søke fram opplysningar den 5. april.

#### **Om samtale med tenestemottakarar**

Vi har sendt brev og invitert fire tenestemottakarar til samtale 5. eller 6. april. Innhaldet i brevet vert sendt til kommunens kontaktperson og til leiar for heimetenestene. Namna på dei aktuelle tenestemottakarane er oppgitt til leiar for heimetenestene. Vi ber om at primærkontakt til den enkelte hjelper til med å forklare kvifor vi har invitert til samtale og at primærkontakt også kan gi tilbakemelding til oss om tenestemottakar vil snakke med oss. Dette er sjølv sagt frivillig. Kvar samtale tek om lag 30 – 40 minutt. Samtalane kan føregå heime hos den enkelte eller i lokale som vi får disponere til føremålet. Det vil vere to frå tilsynslaget som deltek ved samtalen.

I programmet har vi reservert tid til samtalar på ettermiddagen den 5. og 6. april. Dato og klokkeslett for samtalen med den enkelte kan tilpassast innanfor den oppsette tidsramma.

Av praktiske grunnar vonar vi det er mogeleg å få tilbakemelding innan 18. mars om dei fire tenestemottakarane ønskjer å snakke med oss, kva tidspunkt som høver og kvar vi skal gjennomføre samtalen.

Tilsynet blir utført av seniorrådgjevar Arne Erstad, rådgjevar Ørjan Moldestad, seniorrådgjevar Torill Vebeinstad og seksjonsleiar Anne Grete Robøle.

Ver venleg å ta kontakt dersom de har spørsmål om tilsynet og den praktiske gjennomføringa av dette. Kontaktpersonar er Anne Grete Robøle, [fmhoagr@fylkesmannen.no](mailto:fmhoagr@fylkesmannen.no) og Torill Vebeinstad, [fmhotve@fylkesmannen.no](mailto:fmhotve@fylkesmannen.no)

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Torill Vebeinstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg  
Program for tilsyn med Meland kommune april 2016